LINDÅS KOMMUNE

Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Eining for eigedom	Inger Marie Jordal
	Arkivnr.: 16/1572	Klassering:

Tomt til ny skule Eikanger-Kløvheim

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet vedtar å justere framdrifta på val av skuletomt til trasé for E39 er bestemt.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Rådmannen fekk i oppdrag å utarbeide ein ny kommunedelplan for skule gjeldande for 2014-2018. Planen skulle greie ut alternative løysingar av framtidig skulestruktur og hadde følgjande målsetjing:

- Ein berekraftig kommuneøkonomi (mellom anna reduserte driftskostnadar)
- Eit likeverdig skuletilbod til alle elevane i kommunen
- Ein stabil skulestruktur over tid

Konklusjonen i planen var mellom anna følgjande:

> *«Rådmannen rår til at ein går vidare i høve til å byggje ny skule for Eikanger og Kløvheim. Med dette vil ein kunne få ein rein fulldelt barneskule i denne delen av kommunen. Kommunen bør sikre seg tilstrekkeleg storleik på ny skuletomt, slik at ein har høve til utviding på eit seinare tidspunkt.»*

Rådmannens tilråding vart endeleg vedtatt i kommunestyret den 18.06.15.

I samband med planprosess knytt til Kommunedelplan for skule 2014-2018, vart det 21.05.2015 fatta vedtak om at Lindås kommune skal starte opp prosjekt med mål om å byggje ny skule for Kløvheim og Eikanger skulekrinsar.

Prosjektet «Ny skule Eikanger/Kløvheim» er lagt inn i økonomiplan 2016 – 2019 i samsvar med skulebruksplanen, med oppstart i 2019. I budsjettet er det lagt til grunn ein ny skule for inntil 200 elevar.

Prosessen

Vi har hatt ekstern plankompetanse (Rambøll) inne for å vurdere moglege tomtar. Faktorar ein har lagt til grunn: kvar folk bur, folketalsprognosar, gang- og sykkelvegar, tilgjenge, avstand til hovudveg, topografi og soltilhøve.

Arbeidet med å fastsetje tomt delast i to fasar: eit forstudie med grov siling av alternativ, og eit moglegheitsstudie med vurdering av nokre få tomtealternativ.

Forstudiet skulle etter planen vere avslutta i november 2016. Saka vart presentert for formannskapet den 24.11.16. Fire område vart tilrådd å jobbe vidare med: Lokasjon 7 –Kløvheim, lokasjon 5/3 – Revhaugane/Kolhøyen, lokasjon 4 – Liavatnet og lokasjon 1 – Fyllingsnes. Saka kom då i retur til administrasjonen, med ønskje om å undersøkje moglege tomter i området mellom Øvre Eikanger og Høyland, sjå meir på eksisterande skuletomt (lokasjon 15) på Eikanger i samanheng med avsett og regulert tilleggsareal, samt sjå på lokasjon 17 saman med lokasjon 5. Sjå kart.



Parallellt med denne prosessen jobbar mellom andre Lindås kommune, Norconsult og Statens Vegvesen med planforslag for ny E39. Planprogrammet var ute til høyring på slutten av 2016. Ny E39 er i høyringsforslaget teikna inn gjennom Eikanger. Korridoren som er teikna inn, er ikkje endeleg plassert. Når endeleg korridor er sett, berørar denne ei bredde på ca. 300 meter, inkludert sikringssonar og støysonar. Det er stor usikkerheit knytt til endeleg plassering og om traseen kjem i dagen eller tunnell. Utbyggingstidspunkt er og usikkert.

Moglege konsekvensar for skuletomt som følgje av ny E39

I arbeidet med å beslutte tomt for ny Eikanger/Kløvheim skule skapar prosjektet vedrørande ny E39 eit vesentleg risikomoment. Lokasjon 3- 5, 12 og 17-21 kan verte berørt av ny E39. Planvedtak for ny E39 skal etter planen vere klart hausten 2018. Skulen ligg pr. i dag inne med byggjestart i 2019. Dersom det skal vere mogleg å gjennomføre byggjestart på skulen i 2019 må tomt besluttast i 2017. Tomta må kjøpast opp, regulerast, arbeidet skal ut på anbod og skulen med tilhøyrande infrastruktur må prosjekterast før byggjestart.

Kartet under viser avgrensing av korridor. Den er innteikna i samråd med Statens Vegvesen, 06.02.17, men avgrensinga er høgst usikker.



Felt ca 300 m

I høve vidare framdrift i skuleprosjektet, er det nokre alternativ.

Alternativ 1 – justere framdrifta på skuleprosjektet inntil E39 er plassert

Ei løysing er å justere framdrifta, og avvente vedtak om val av tomt til planvedtaket for E39 er endeleg. Etter planlagt framdrift vert vedtak gjort hausten 2018. Då skal endeleg korridor vere bestemt, og ein veit med stor sannsynlighet kor vegen vil gå i tunnell og kor den kjem i dagen. Ein vil framleis ha eit bandlagt belte rundt korridoren. Ut frå erfaringer andre stader (til dømes Os), er det grunn til å tru at korridoren vil bandlegge ca. 300 meters breidde. 150 m på kvar side av vegen. Dette beltet inkluderar byggjeforbodsgrense og støysoner.

Alternativ 2 – Unngå usikre tomtar

For å halde på planlagt framdrift for ny skule, med byggjestart i 2019, kan ein velje vekk dei usikre områda på kartet. Det medfører at ein må sjå bort frå lokasjonar i sjølve Eikanger, og ny skule kan enten plasserast nord for Øvre Eikanger (Myråsen, Myr, Høyland eller Kløvheim), eller på Fyllingsneset (lokasjon 1).

Ein må merke seg at kommunedelplan for ny E39 også skal gi forslag til utforming av eksisterande E39. Det medfører at det og vert planarbeid langs dagens E39. Dersom ein eksempelvis ønskjer å gå vidare med Fyllingsnes-alternativet må saka drøftast med Statens Vegvesen først.

Vurdering

Vurdering av alternativ 1 – justere framdrifta på skuleprosjektet inntil E39 er plassert

Fordelar:

Endeleg plassering av korridor til ny E39 vil medføre bandlagte områder i Eikanger. Kva for område som vert bandlagt, er førebels uklart. Det er meir enn 300 meters avstand mellom alternativ 3 og 5 på kartet slik det ligg i dag, og det er derfor lite truleg at heile lokasjon 3 og lokasjon 5 utgår som ein konsekvens av fastsett korridor.

Ny E39 medfører og eit omkringliggande vegnett med på-/avkøyringar. Det er ein fordel å vite kvar dette vert plassert når ein vel skuletomt.

Ei justering av framdrifta vil bidra til at avgjerda kring skuleplasseringa vert gjort når naudsynte føresetnader føreligg, slik at også dei midtre tomteforslaga i Eikanger kan komme med i evalueringa. Å byggje ei ny skule er viktig og skal stå seg i kanskje 50 år. Eit par år utsetjing kan vere uvesentleg i den store samanhengen.

Ulemper:

Ei utsetjing av ny skule medfører konsekvensar for elevar og tilsette på Eikanger skule og på Kløvheim skule. Kløvheim skule har god kapasitet dei kommande åra. Skulebygget og fasilitetane dekkjer dagens behov.

Kapasiteten på Eikanger skule er 80-100 elevar inklusiv bruk av paviljongen. I følgje prognosene er det ca. 85 elevar i inneverande år, og talet aukar til 90 i 2018/2019. Deretter synker elevtalet noko før det i 2023/2024 igjen passerar 90 og vidare aukar jamt. Undervisningsfasilitetane på Eikanger skule er ikkje i samsvar med læreplanen. Det einaste spesialrommet på skulen er mat og helse, skulen manglar grupperom, det er generelt trongt og gymsalen er liten. Naboskulane (Leiknes, Ostereidet og Kløvheim) har noko kapasitet dei neste åra.

Alternativ 2 – velje vekk tomter i avgrensa korridor for E39

Fordelar:

Det sikraste alternativet for å halde på planlagt framdrift for ny skule, med byggjestart i 2019, er å unngå dei usikre tomtene. Brukar- og referansegrupper er etablert, og det er forventningar om byggjestart i 2019 frå begge skulekrinsene.

Å unngå dei usikre områdene knytt til ny E39 vil gje nokre synergieffektar. Ein vil med dette unngå ein skule nært knytt opp til næringsområde og næringstrafikk, med tilhøyrande risiko for støy, støv og luktproblematikk. Desse ulempene er noko miljøretta helsevern har peika på i tidlegare innspel til tomteval. Ved å unngå dette området vil ein og få litt avstand til tilhøyrande vegnett til ny E39, då med tanke på inn/utkjøringsfelt frå ny E39 til lokalvegar og tungtransport som skal vidare til

tømmerkaien på Eidsnes. Det er og planar om ein djupvannskai på Eknes. Dette kan gje auke i tungtransport.

Ulemper:

Alternativ 2 medfører store begrensingar i tomteval. Ein må vurdere tomter i yttergrensene av krinsen. Enten mot Fyllingsneset eller mot Høyland/Kløvheim. Dette er ein skule som skal vare i mange år framover, og då er det viktig at plasseringa er godt vurdert og gjennomarbeidd.

Tilråding

Det er store usikkerheiter knytt til ny E39, og desse må reduserast før tomteplassering kan avgjerast. Ei utsetting vil bidra til at vi landar på den mest eigna skuletomten.

Rådmannen rår til å utsetje skuleprosjektet inntil endeleg trase for E39 er beslutta.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	**Type**	**Dato**	**Tittel på saksdokumentet**
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost